



C 626

Noregs offisielle statistikk

Official Statistics of Norway

Standard for økonomiske regionar

Nynorsk versjon

Classification of Economic Regions

Noregs offisielle statistikk

I denne serien blir hovudsakleg primærstatistikk, statistikk fra statistiske rekneskapsystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar publiserte. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsformål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og nødvendig informasjon om datamaterialet, innsamlings- og bearbeidingsmetodar samt omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok, Historisk statistikk, Regionalstatistikk og Veiviser i norsk statistikk.

Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway, Historical Statistics, Regional Statistics and Guide to Norwegian Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, januar 2001
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nyttå, ver vennleg å gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-4864-7

Emnegruppe

00.00 Oversikter

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Kopisenteret, SSB

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentleggjera	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Retta sidan førre utgåve	Revised since the previous issue	r
Desimalskiljeteikn	Decimal punctuation mark	(.)

Forord

Denne publikasjonen presenterer ei ny regional inndeling (standard) på nivået mellom fylke og kommune. Den nye inndelinga skal hovudsakleg representer eit gagnleg publiseringsnivå for statistikk, men ho skal òg tilsvare det regionale nivået som EU har definert som si NUTS 4-inndeling. En konsekvens av dette er at regionane ikkje kan kryssje fylkesgrensene. NUTS (Nomenclature des Unités Territoriales Statistiques) er standard for regional inndeling i EU. Arbeidet med den nye inndelinga har teke utgangspunkt i standardane for inndeling i handelsområde og prognoseregionar i SSB. Regionane i den nye inndelinga vert kalla *økonomiske regionar*, fordi kriteria som er brukte for å definere regionane (t.d. arbeidsmarknad og varehandel), er knytte til dei økonomiske tilhøva i området. Landet er delt inn i 90 økonomiske regionar. Den nye inndelinga svarar til nivået REGIN 4 i SSB si regionale inndeling (REGIN). REGIN 1 utgjer heile landet, REGIN 2 landsdelane, REGIN 3 fylka og REGIN 5 kommunane.

Inndelinga har vore på intern høyring i SSB og på ekstern høyring hjå relevante instansar, m.a. fylkeskommunane og relevante forskingsinstitusjonar. SSB takkar for kommentarane.

Standarden vart først publisert i serien Rapportar (Rapporter 99/6). Målet var å sjå om røynsler frå bruk av standarden ville leie til revisjonar. Standarden har no vore i bruk i vel eit år utan at revisjon har vore naudsynt, og den endelige utgåva av standarden vert difor publisert i serien Noregs offisielle statistikk (NOS).

Arbeidet med standard for økonomiske regionar vart utført av ei tverrfagleg prosjektgruppe med deltagarane Henning Hartvedt (Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk), Erik Nymoen (Seksjon for demografi og levekårsforsking), Margareta Stålnacke (Seksjon for statistiske metodar og standardar), Harald Utne (Seksjon for folke- og bustadteljing) og Anne Gro Hustoft (Seksjon for statistiske metodar og standardar). Anne Gro Hustoft har vore prosjektleiar, og har òg stått for utarbeidinga av publikasjonen. Ansvarleg seksjonsleiar for standarden er Elisabetta Vassenden, Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå,
Oslo/Kongsvinger, 20. september 2000

Svein Longva

Johan-Kristian Tønder

Innhold

1. Bakgrunnen for og målet med standarden	6
2. Behovet for eit rapporteringsnivå mellom fylke og kommune	6
3. Ambisjonsnivå og inndelingskriterium	6
4. Høyringar	7
5. Prinsipp for å velje senterkommunar og dele inn i regionar	7
6. Koding	9
7. Dei økonomiske regionane	9
<hr/>	
Vedlegg	
A. Kart	29
B. Kommuneinndelinga pr. 1. januar 2000	49
C. Oversikt over landsdelar	52
Publiserte standardar for norsk statistikk	53

1. Bakgrunn for og målet med standarden

Gjennom SSB sitt arbeid med å dokumentere regionale standardar (arbeidet er publisert i NOS C 513) vart det avdekkja eit behov for å revidere standard for handelsområde. Bortsett frå justeringar knytte til endringar i kommunegrenser og talet på kommunar, har ikkje standarden vore revisert sidan 1966. I dei vel 30 åra som er gått sidan revisjonen, har det vore store endringar innan utbygginga av kommunikasjon og senter, og ein ny revisjon var naudsynt for å undersøkje korleis inndelinga no er i samsvar med røynda.

Det er naturleg å sjå revisjonen av handelsområde i samanheng med standard for prognoseregionar. Desse to standardane representerer det same regionale nivået (nivået mellom kommune og fylke), og har fleire av inndelingskriteria felles. Prognoseregionane vil difor utgjere ein del av det grunnlaget som den nye inndelinga byggjer på.

Nok eit argument for ein revisjon/samordning av standardane for handelsområde og prognoseregionar er at det nye mellomnivået kan vere SSB sitt forslag til ei NUTS 4-analog¹ inndeling som kan brukast i rapportering av regionale data til Eurostat (SSB sitt NUTS 3 og NUTS 5 analoge nivå er respektive fylke og kommune). NUTS (Nomenclature des Unités Territoriales Statistiques) er standard for regional inndeling i EU.

Den nye standarden vert kalla standard for *økonomiske regionar* fordi kriteria som er brukte for å definere regionane (t.d. arbeidsmarknad og varehandel), er knyttet til området sine økonomiske tilhøve. Dei økonomiske regionane representerer det regionale nivået mellom fylke og kommune. Standarden vart først publisert i Rapporter 99/6 for å prøvast ut i praksis før han no vert publisert i NOS.

2. Behovet for eit rapporteringsnivå mellom fylke og kommune

Utgangspunktet for den nye standarden er to inndelinger i SSB, nemlig handelsområde og prognoseregionar. Målet har vore å kome fram til ei ny regional inndeling som vil gje eit rapporteringsnivå mellom fylke og kommune.

Standardane for handelsområde og prognoseregionar er ikkje av dei mest brukte i SSB, men det er likevel eit generelt behov for det rapporteringsnivået desse representerer. Det vil i fleire statistikkar vere gagnleg med område som er større enn (t.d. for å ta omsyn til konfidensialitet) og meir stabile enn (t.d. når det gjeld arbeidsmarknad) kommunar. Fordi det er fleire seksjonar i SSB som treng eit slikt inndelingsnivå, er det viktig at det vert etablert ein felles standard for dette.

SSB ser òg etableringa av den nye inndelinga i samanheng med NUTS-inndelinga i Eurostat. Noreg er ikkje pålagd å rapportere til Eurostat på regionalt nivå, men SSB ønskjer å delta i denne rapporteringa, og det einaste av NUTS-nivåa som Noreg ikkje har nokon analogi til, er NUTS 4-nivået. Det vil difor vere nyttig å få definert eit rapporteringsnivå mellom fylke og kommune. *For å oppfylle krava til ei NUTS 4-analog inndeling, må regionane bestå av heile, samanhengande kommunar, og regionane må ikkje krysse fylkesgrensene.*

3. Ambisjonsnivå og inndelingskriterium

Prosjektgruppa som arbeidde med standarden, fekk i utgangspunktet i oppgåve å vurdere ulike alternativ for ei regional inndeling. Det mest ambisiøse alternativet var å etablere funksjonelle regionar baserte på handel- og service- og/eller arbeidsmarknadstilhøve. Dette hadde vorte eit svært ressurskrevjande alternativ fordi det så å seie ikkje fanst informasjon knytt til kor ei viss befolkning handlar kva eller kor dei kjøper ulike tenester. Slike data er naudsynte for å definere funksjonelle regionar knytte til handel, og prosjektet måtte i så fall ha lagt opp til eit "nybrotsarbeid" på datainnsamlingssida. Prosjektgruppa konkluderte med at ut frå forventa bruk av inndelinga, ville ein ikkje kunne rettferdigjøre å bruke så store ressursar dette alternativet ville krevje, noko styringsgruppa i prosjektet slutta seg til. Desse funksjonelle regionane måtte ein også forvente ville krysse fylkesgrensene, og dermed ville dei heller ikkje oppfylle krava til ei NUTS 4-analog inndeling.

Styringsgruppa gjekk, etter tilråding frå prosjektgruppa, inn for eit alternativ som ikkje vil gje ein

¹ Vi nyttar nemninga NUTS-analog fordi SSB ikkje har høve til å kalle inndelinga si NUTS sidan Noreg ikkje er medlem av EU. Den nye inndelinga vil tilsvare det regionale nivået som EU har definert som NUTS 4-inndelinga.

reell/ideell representasjon av noko fenomen (handel, arbeidsmarknad e.l.), men som vil utgjere eit gagnleg presentasjonsnivå. Kartlegginga av kva informasjon som finst innanfor området, viste at dei beste data som finst for interaksjon mellom kommunar, er pendlings-tabellar. Desse tabellane syner kva for kommunar folk bur i, og kva for kommunar dei arbeider i. På det viset kan ein få eit bilet av kva for kommunar som trekk til seg arbeidskraft, og kva for nokre som har lekkesje av arbeidskraft. Fordi dette er dei einaste relevante interaksjonsdata vi har, byggjer inndelinga i stor grad på kva for kommunar som arbeidsmarknadsmessig hører saman.

I tillegg kan desse tala supplerast med omsetnadstal.

Innbyggjartalet i største tettstaden i kommunen kan òg brukast som ein indikator på kva relevans kommunane har som senter, men dette har vore det minst viktige av kriteria.

Når det gjeld regionplasseringa av den enkelte kommunen, har vi trekt inn avisoland og flyttemonster der kriteria ovafor ikkje har vore nok til å avgjere plasseringa. Lokalkunnskap er brukt i dei tilfella der ingen av dei formelle kriteria har vore nok til å avgjere kvar ein kommune hører heime (t.d. fordi folk stort sett ikkje pendlar/flyttar ut av kommunen, eller fordi dei pendlar/flyttar omtrent like mykje til to ulike regionar). Prosjektgruppa har då brukt den geografiske kompetansen i gruppa, samt kontakta aktuelle kommunar og fylkeskommunar.

4. Høyringar

Inndelinga var først på høyring internt i SSB, etterpå vart ho (i form av Notater 98/62) send på ekstern høyring til fylkeskommunane og andre relevante instansar. SSB vil takke for nyttige innspel frå høyringsinstansane.

I høyringa har vi fått fleire ønske om endringar, frå enkle omplasseringar av kommunar, til nye senter og dermed nye regionar. Sjølv om SSB gjerne vil ta omsyn til ønske frå fylkeskommunane og andre interessentar, og gje dei inndelingar dei oppfattar som gagnlege ut frå historie, næringsverksemnd, politisk samarbeid osb., har prosjektgruppa valt å halde fast på dei foreslalte regionane *der plasseringa er klar ut frå våre inndelings-kriterium*. I andre tilfelle er kommentarane tatt til følgje. Dersom vi t.d. skulle la fylkeskommunane sine inndelingar, baserte på ulike kriterium og valte for å dekkje ulike behov, vere utslagsgjenvande, ville den nye regionale inndelinga verte inkonsistent. Til dømes har nokre fylkeskommunar satsa på inndeling i homogene regionar (m.a. kystkommunar versus innlands-kommunar), mens andre har lagt vekt på politisk samarbeid eller historiske tilhøve. SSB er klar over at

heller ikkje inndelinga vår er heilt konsistent, rett og slett fordi ein ikkje kjem utanom skjønn i ein situasjon der dei formelle kriterium ein rår over, ikkje er tilstrekkelege til å avgjere regionplassering for alle kommunane i landet. Inndelinga er likevel så langt som mogleg bygd på dei formelle kriteria som er dokumenterte i rapporten.

Det er i denne samanhengen òg viktig å understreke at inndelinga ikkje er ei administrativ inndeling, ho er berre retta mot publisering av statistikk. Kommunar/fylkeskommunar kan enno tingje statistikk etter andre inndelingar frå SSB, og alle aktuelle SSB-tal vil som før verte publiserte på kommunenivå. Dermed kan alle aggregere opp data frå enkeltkommunar til dei områda dei sjølv måtte ønske.

Fleire har peikt på at det er ugunstig at dei økonomiske regionane ikkje får kryssje fylkesgrensene. Prosjektgruppa er klar over at dette i nokre tilfelle leier til "kunstige" regionar sidan nokre kommunar tydeleg har sin senterkommune i eit anna fylke. Føresetnaden om at fylkesgrensene ikkje skal kryssast, er likevel eit naudsynt rammevilkår for standarden all den tid han skal vere ein parallel til Eurostat si NUTS 4-inndeling.

Det har kome nokre kommentarar til namna på regionane. Her har prosjektgruppa valt å halde fast på hovudprinsippet med å gje regionane namn etter den største tettstaden, dvs. senter (ev. to jamstelte tettstader/senter). I regionar der det ikkje er noko dominerande senter, har vi likevel valt å gje namn etter tradisjonelt områdenavn (t.d. Hadeland). Nokre fylkeskommunar har ønskt å skifte ut eit namn på tettstad med eit tradisjonelt områdenamn, men prosjektgruppa har ved fleire høve valt ikkje å gjere dette. Dette er tilfelle der eit slikt namneskifte kan gje opphav til forvirring fordi regionane våre ikkje inneheld akkurat dei same kommunane som tradisjonelt vert rekna til dette områdenamnet.

5. Prinsipp for å velje senterkommunar og dele inn i regionar

Prosjektgruppa fann at det mest gagnlege utgangspunktet for regionaliseringa var å identifisere senterkommunar, og så finne ut kva andre kommunar som soknar til desse. *Eit generelt kriterium for ein senterkommune var at han skulle ha ein sjølvstendig tettstad av ein viss storleik*. Det er vanskeleg å setje absolute tal for "viss storleik" fordi ein tettstad på t.d. 2 000 innbyggjarar relativt sett vil vere liten i nokre delar av landet og stor i andre. Ein må difor sjá på storleik relativt til omliggjande område. *I tillegg krevst det av ein senterkommune at han har eit pendlingsomland (dvs.*

at sysselsette i andre kommunar i monaleg grad dreg dit for å arbeide).

Prosjektgruppa har teke utgangspunkt i sentra i standardane for prognoseregionar og handelsdistrikt², og baserer seg dermed på deira utvalskriterium knytte til arbeidsmarknad og varehandel. Gruppa sin viktigaste informasjon om interaksjon mellom kommunar skriv seg frå pendlingstabellar, ein type tabellar som ikkje vert publiserte som offisiell statistikk. Dei tala som vert publiserte for arbeidstakarar etter arbeidsstad (endelege tal) inneholdt ein del korreksjonar på verksamdsnivå som SSB ikkje har høve til å gjennomføre på individnivå. Pendlingstala må difor baserast på ikkje-korrigerte data. Omfanget av korreksjonane på arbeidsstad er relativt sett ikkje så stort, men vil kunne vere monaleg for dei kommunane det gjeld. Pendlingsstabellane kan tingast, og vert då omtala som «førebels tal frå SSB».

For somme grupper av arbeidstakarar kan det vere eit problem å fastsetje reell pendling. Dette gjeld t.d. tilsette utan fast arbeidsstad (særleg personar innan byggje- og anleggsvirksemnd og transportnæringa). Desse vil vere registrerte ved arbeidsstaden dei administrativt sorterer under. Det vil difor vere ein tendens til for sterk innpendling til dei større tettstadane. For tilsette i Forsvaret finst ikkje opplysingar om arbeidsstad. For sjøfolk i utanriks sjøfart finst kun opplysingar om adressa til rederiet. Desse to gruppene er difor alltid klassifiserte som «ikkje-pendlarar».

Som det framgår, er det knytt uvisse til pendlingsstabellane. Desse er likevel, i tillegg til flyttetala, dei einaste tilgjengelege data som seier noko om kryssing av kommunegrenser (tabellar over i kva kommunar dei sysselsette som er busette i kommune A, arbeider), og vi har nytta tabellar både frå 1996 og 1997 for å unngå at tilfeldige feil/variasjonar eitt år skal få stor vekt. Pendlingstabellane indikerer den tiltrekningeskrafta dei enkelte kommunane har med omsyn til tilbod av arbeidsplassar. Dei fleste senterkommunane vil ha ei netto innpendling, men nokre, med nærliek til eit eller fleire større senter (t.d. "magneten" Oslo), kan ha netto utpendling.

Vi har dverre ikkje tal som fortel kor folk gjer innkjøpa sine. Varehandelsstatistikken gjev tal for omsetnad per kommune utan at ein dermed veit om det er kommunen sine eigne innbyggjarar, eller folk frå andre kommunar, som står for handelen. Omsetnaden per innbyggjar gjev likevel eit nyttig bilet av kva for kommunar som er viktige handelssenter. For å identifisere handelssenter, har vi brukta tal frå varehandelsstatistikken i 1997 (detaljhandel, inkl. motorkjøretøy og bensin).

Som tidlegare nemnd, er det problematisk å bruke innbyggjartal som kriterium for senter sidan kravet til storleik vil variere frå region til region. Vi har likevel teke omsyn til innbyggjartalet i den største tettstaden i kommunen for å sjå om det i nokre samanhengar kan vere utslagsgjenvende. Tala for tettstader er henta frå upubliserte tettstadstabellar per 1. januar 1997.

Vi står dermed att med følgjande kriterium for val av senter, rangerte etter kor viktige dei er:

1. Pendlingstal (arbeidsmarknad)
2. Varehandelsstatistikk
3. Befolkingstal i største tettstad

I tillegg til dette er det òg i nokre tilfelle brukt skjønn ut frå annan kunnskap om kommunane.

Ein gjennomgang av senterkommunane i kvart fylke er gjort i Rapporter 99/6. Vi viser til denne for meir detaljert informasjon (m.a. ulike tabellar) i samanheng med identifiseringen av senterkommunane.

Framgangsmåten vår ved regioninndelinga har vore å seie at ein kommune soknar til den senterkommunen/-området han har størst pendling til, basert på tala frå pendlingstabellen i fylket. I nokre tilfelle har ein kommune (A) lita eller inga pendling til nokon senterkommune, og kan difor vanskeleg tilordnast senterkommunen/-området direkte. I slike tilfelle har vi identifisert kommunane som arbeidstakarane i kommune A pendlar til, og plassert A i samme region som den/dei kommunane han har størst pendling til. I dei tilfellene der ein kommune har omtrent like stor pendling til to ulike senterkommunar, har vi sett på pendlinga til kommunar som soknar til senterkommunane (regionen), og vurdert kva for region kommunen har størst pendling til. Dersom heller ikkje dette har vore nok til å avgjere kva for region kommunen hører til, har vi trekt inn flyttmatriser frå 1997 (tabellar som syner kva for kommunar innbyggjarane i kommune A har flytta til, og kva for kommunar innflyttarane til kommune A har kome frå gjennom året). Desse tabellane er publiserte i RS 7/98 (RS er Regional statistikkserien). Avisomland, dvs. kva for avisar som vert lesne i ulike kommunar (Aviskatalogen for 1998), er òg trekt inn i vurderinga av tvilstilfelle.

Eit spesialtilfelle er kommunar som ut frå kriteria eigentleg hører til ein funksjonell region i eit anna fylke, t.d. dei Akershuskommunane som har størst pendling til Oslo. Desse kan ikkje plasserast der dei "eigentleg" hører heime sidan ei NUTS 4-analog inndeling ikkje tillèt at fylkesgrensene vert kryssa. Vi har i slike tilfelle sett på pendling til nabokommunar. Dersom dei kommunane som eigentleg hører til eit senter i eit anna fylke har ei viss pendling, eller på anna vis er knytt til eit senter i eige fylke, har dei vorte plasserte i denne regionen. Dersom kommunen etter

² Handelsområda er delte inn i handelsdistrikt. Handelsdistrikt er den inndelinga som tilsvavar nivået mellom fylke og kommune.

kriteria våre ikkje har noko tilknyting til kommunar i sitt eige fylke, har prosjektgruppa valt å la dei utgjere ein eigen region, sjølv om nokre av desse "restregionane" ikkje har noko klart senter. Vi har valt å løyse dette problemet på ein måte som i stor grad samsvarar med måten det er gjort på i inndelinga av prognose-regionar og handelsdistrikt.

Eit kriterium for ein senterkommune er at han skal ha eit eige omland. Det vil likevel vere unntak frå denne regelen (t.d. Tinn), "isolerte" kommunar som etter måten er sjølvforsynte både med omsyn til arbeids-plassar og handel.

Det krevst òg av ein region at han skal bestå av eit geografisk samanhengande område.

I mange tilfelle, særslig i Finnmark, men òg i ein del innlandskommunar i Sør-Noreg, er det lite pendling over kommunegrensene, og pendlingstabellen (og dei andre formelle kriteria) gjev difor få haldepunkt for å plassere kommunane i regionar. Vi har i fleire av desse tilfella kontakta lokale styresmakter for å få ei avklaring på kva for region kommunen tilhører.

Prosjektgruppa har diskutert om ein burde setje krite-rium for regionstorleik, men har valt ikkje å gjere det. Ulik regionsstorleik vil vere naturleg i ulike delar av landet (avhengig t.d. av geografiske tilhøve og befolkningsstorleik).

Ein spesiell problematikk knytt til regionsstorleik, syner seg rundt dei store tettstadene. Innafor fylkene finst senter på ulike nivå. Dei største tettstadene dekkjer heile fylket (og nokre gonger meir enn det) for visse funksjonar, t.d. når det gjeld spesialisttenester innafor helsevesenet. Mindre tettstader i nærleiken av desse sentra kan likevel vere dominerande innafor omlandet sitt når det gjeld andre funksjonar (t.d. når det gjeld daglegvarehandel).

Hovedkriteriet vårt for inndelinga har vore pendling. Med dette kriteriet vil dei største tettstadene "fange" store omland. Mindre tettstader i nærleiken vil ha ein tendens til ikkje å verte rekna som eigne senter i inndelinga vår fordi dei har stor pendling til region-senteret. I dei tilfella der mindre tettstader av denne typen faktisk har vorte godtekne som senter, vil det vere ein tendens til at dei ikkje klarer å konkurrere med dei største tettstadene når det gjeld pendling. Dei klarer dermed ikkje å "fange" noko omland utanfor eigen kommune.

Det er mogleg interaksjonsmønstra hadde sett annleis ut om vi hadde høve til å bruke andre kriterium, t.d. varehandel eller bruk av ulike tenester. I arbeidet med å tilordne kommunane til regionar, har vi freista å ta omsyn til denne problemstillinga, m.a. ved å vurdere om pendling bør ha noko mindre vekt i områda rundt

dei største tettstadene³ (svarar til nivå 3 i Standard for kommuneklassifisering).

Ein detaljert gjennomgang av regioninndelinga for kvart fylke finst òg i Rapporter 99/6. Vi syner til denne for meir informasjon.

6. Koding

Dei nye regionane, som vert kalla *økonomiske regionar*, skal kodast med ein 4-sifra, alfanumerisk kode. Dette inneber at ein "leiande" null, dvs. 0 i byrjinga av ein kode, *alltid* skal takast med. Dei to fyrste sifra i koden er fylkesnummeret, medan dei to siste er ei samanhengande nummerering innan kvart fylke. Denne nummereringa skal starte på 91 for å unngå samanblanding med andre regionale kodar. Ein let senterkommunen sine kommunenummer styre rekkjefølgda på nummereringa, dvs. at regionen som har senter med det lågaste kommunenummeret, får kode XX91 osb. Dersom vi bruker Østfold som eksempel, tyder det at den økonomiske regionen Halden får kode 0191, den økonomiske regionen Moss får kode 0192 osb.

7. Dei økonomiske regionane

I dette kapittelet syner vi den nye standarden for økonomiske regionar. Inndelinga inneheld 90 regionar og i tillegg til namn, kode og kva for kommunar (for Oslo sin del, bydelar) som høyrer til, er òg folketallet i kvar region (per 1. januar 2000) teke med. Når det gjelder namnsetting, har prosjektgruppa gjeve dei økonomiske regionane namn etter den største tettstaden i senterkommunen(ane) der regionen har eit klart (eller to jamstelte) senter. Når det er to jamstelte senter, er tettstaden med størst innbyggjartal (innafor eigen kommune) sett fyrst. I andre regionar er ikkje senterkunksjonen så tydeleg. Prosjektgruppa har då valt å namngje den økonomiske regionen etter ei innarbeidd nemning (t.d. Hallingdal) eller etter enkeltkommune(ar) der det ikkje finst eit naturlag "samlenamn". Der vi har to jamstelte kommunar utan klare senterkunksjonar (t.d. Sande og Svelvik), er kommunen med det største innbyggjartalet sett fyrst. Senterkommunen(ane) er skrivne med feite typar i kommuneoversikta.

³ Dei største tettstadene tilsvavar senter på nivå 3 (høgste nivå av servicetilbod, høgt innbyggjartal) i Standard for kommuneklassifisering: Oslo, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø.

Fylke	Økonomisk region/Kode	Kommune	Folkemengd
Østfold	Halden 0191	0101 Halden	26 733
		0118 Aremark	1 451
		I alt	28 184
Moss 0192	0104 Moss 0135 Råde 0136 Rygge 0137 Våler	0104 Moss	26 633
		0135 Råde	6 217
		0136 Rygge	13 288
		0137 Våler	4 059
		I alt	50 197
Fredrikstad/Sarpsborg 0193	0106 Fredrikstad 0105 Sarpsborg 0111 Hvaler 0128 Rakkestad	0106 Fredrikstad	67 761
		0105 Sarpsborg	47 447
		0111 Hvaler	3 494
		0128 Rakkestad	7 076
		I alt	125 778
Askim/Mysen 0194	0124 Askim 0125 Eidsberg 0119 Marker 0121 Rømskog 0122 Trøgstad 0123 Spydeberg 0127 Skiptvet 0138 Hobøl	0124 Askim	13 521
		0125 Eidsberg	9 703
		0119 Marker	3 300
		0121 Rømskog	674
		0122 Trøgstad	4 868
		0123 Spydeberg	4 486
		0127 Skiptvet	3 140
		0138 Hobøl	4 366
		I alt	44 058

Fylke	Økonomisk region/kode	Kommune	Folkemengd
Akershus	Follo	0213 Ski	25 394
		0211 Vestby	11 815
		0214 Ås	13 568
		0215 Frogner	12 972
		0216 Nesodden	15 448
		0217 Oppegård	22 953
		I alt	102 150
Bærum/Asker	0292	0219 Bærum	101 494
		0220 Asker	49 284
		I alt	150 778
Lillestrøm	0293	0231 Skedsmo	38 701
		0221 Aurskog-Høland	12 561
		0226 Sørum	12 133
		0227 Fet	9 271
		0228 Rælingen	14 493
		0229 Enebakk	8 680
		0230 Lørenskog	29 505
		0233 Nittedal	18 639
		0234 Gjerdrum	4 554
		0236 Nes	16 288
		I alt	164 825
Ullensaker/Eidsvoll	0294	0235 Ullensaker	20 160
		0237 Eidsvoll	17 524
		0238 Nannestad	8 967
		0239 Hurdal	2 648
		I alt	49 299

Fylke	Økonomisk region/kode	Kommune	Folkemengd
Oslo	Oslo	01 Bygdøy-Frogner	20 326
	0391	02 Majorstua-Uranienborg	23 809
		03 St.Hanshaugen-Ullenvål	28 259
		04 Sagene-Torshov	27 888
		05 Grünerløkka-Sofienberg	26 683
		06 Gamle Oslo	25 433
		07 Ekeberg-Bekkelaget	16 587
		08 Nordstrand	17 349
		09 Søndre Nordstrand	31 380
		10 Lambertseter	10 230
		11 Bøler	13 170
		12 Manglerud	12 309
		13 Østensjø	15 433
		14 Helsfyr-Sinsen	21 100
		15 Hellerud	15 691
		16 Furuset	29 290
		17 Stovner	20 968
		18 Romsås	6 822
		19 Grorud	17 075
		20 Bjerke	22 821
		21 Grefsen-Kjelsås	17 765
		22 Sogn	15 823
		23 Vinderen	19 612
		24 Røa	21 310
		25 Ullern	26 607
		26 Sentrum	1 194
		27 Marka	1 647
		Uoppgitt	886
		I alt	507 467

Fylke	Økonomisk region/kode	Kommune	Folkemengd
Hedmark	Kongsvinger	0402 Kongsvinger	17 349
	0491	0418 Nord-Odal	5 089
		0419 Sør-Odal	7 349
		0420 Eidskog	6 409
		0423 Grue	5 442
		0425 Åsnes	8 112
		I alt	49 750
Hamar		0403 Hamar	26 545
	0492	0412 Ringsaker	31 622
		0415 Løten	7 188
		0417 Stange	17 928
		I alt	83 283
Elverum		0427 Elverum	18 046
	0493	0426 Våler	4 063
		0428 Trysil	7 069
		0429 Åmot	4 379
		0430 Stor-Elvdal	3 012
		0434 Engerdal	1 580
		I alt	38 149
Tynset		0437 Tynset	5 473
	0494	0432 Rendalen	2 257
		0436 Tolga	1 812
